

# Her dyrkar me bygg



Bygg har blitt dyrka i over 10 000 år, og er truleg verdas eldste kulturplante.

Bygg er det kornslaget som treng kortast tid for å bli moden. Det aller meste av bygget som blir dyrka i Noreg blir brukt til dyrefôr, men du kan også bruke byggmjøl i graut, supper og brød. Bygg er den kornarten det blir brukt mest av i Noreg.

Ei god kornavling er avhengig av god jord, temperatur og passe mengde regn. På våren blir jorda pløya og harva før kornet blir sådd. I vekstsesongen blir åkeren gjødsla og sprøytt med plantevernmidlar ved behov. Kornet blir hausta med ein treskar som skil kornet frå halmen. Det er viktig med godt vær under innhaustinga.

I Noreg er berre tre prosent av arealet matjord, og berre ein prosent er godt eigna for kornproduksjon. I bynære område er det ei utfordring at kornjorda blir bygd ned til bustadar, næring eller samferdsle. Det er heilt avgjerande for matproduksjonen at vi tar vare på matjorda vår.